

# Kyrkja mi

## - trusopplæring i Valdres

### **Samarbeidsavtale** mellom alle fellesråd i Valdres Prosti

<b>Fellesråd</b>	<b>Vedtak – sak nr og dato</b>
Etnedal kyrkjelege fellesråd	
Vang kyrkjelege fellesråd	
Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd	
Nord- Aurdal kirkelige fellesråd	
Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd	
Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd	

#### **1. Definisjonar**

Namn: Kyrkja mi – trusopplæring i Valdres

Tidsperspektiv: 2016 - 2022


Eigarane av prosjektet: Bruflat, Nord-Etnedal, Vang, Høre, Øye, Heensåsen, Bagn, Hedalen, Begnadalen, Reinli, Leirskogen, Aurdal, Skrautvål, Svenes, Ulnes, Tisleidalen, Tingnes, Slidre, Røn, Lomen, Hegge, Rogne, Volbu og Lidar sokn.

Sokna er fordelt på seks fellesråd: Etnedal, Vang, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Øystre Slidre


#### **2. Grunnlag og bakgrunn**

Alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja har fått tildelt midlar for å fornye trusopplæringa for alle døypte mellom 0 og 18 år. Frå og med 2011 vart Valdres prosti tildelt midlar med det formålet at kyrkjelydane skal vidareutvikle trusopplæringa si. Planen for trusopplæring, vedteke av Kyrkjemøtet 2009, er retningsgjevande for trusopplæringsarbeidet i den einkilde kyrkjelyden. Midlane til trusopplæring er i hovudsak fordelt ut frå talet på born og unge i kyrkjelydane.

Alle lokale trusopplæringsplanar i Valdres prosti vart godkjende av Hamar biskop i desember 2014.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Valdres prosti



**STØRST AV ALT**

Alle sokneråd i Valdres har vedteke sin lokale plan som styringsverktøy. Sokneråda skal etter godkjenning, ha lokal trusopplæringsplan til vurdering, evaluering og vidareutvikling ein gong kvart år. Etter fem år (2019) sendast dei lokale planane til Hamar biskop for ny evaluering.

### 3. Økonomi og organisering

Gjennom modellen som er vald for organisering av midlar i Valdres Prosti, er Etnedal kyrkjelege fellesråd den administrative, økonomiske eininga for trusopplæringsreforma. Trusopplæringsmidlane blir utbetalt til Etnedal kyrkjelege fellesråd etter § 14 i kyrkelova.

Etnedal kyrkjelege fellesråd har arbeidsgjevaransvar for dei som er tilsette i samband med trusopplæringsreforma. Etnedal kyrkjelege fellesråd er medlem av Kirkens Arbeidsgiver- og interesseorganisasjon og har pensjonsordning i KLP.

Trusopplæringa i Valdres finansierer si drift gjennom tildeling av midlar som er løyvd over statsbudsjettet og fordelt av Kyrkerådets sekretariat.

Fellesråda forpliktar seg til eit godt samarbeid for å utvikle, gjennomføre og vidareutvikle trusopplæringa i Valdres.


### 4. Tilsette

Alle tilsette i trusopplæringa i Valdres har Etnedal kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar.

Valdres prosti har ein administrator som har hovudansvar for økonomi, personal, generelt informasjonsarbeid og diverse andre oppgåver.


Valdres prosti har tilsett trusopplæringsmedarbeidarar som skal planlegge og legge til rette for breiddetiltak i dei lokale kyrkjelydane og prostiet, i samarbeid med administrator, sokneprestar, andre kyrkjeleg tilsette, rådsmedlem og frivillige.

Kriterier som vert lagt vekt på i tilsettingsprosessen var/er:  
Fagleg kompetanse, personlege eigenskapar, medlemskap i Den norske kyrkja og lojalitet til trus- og læregrunlaget i kyrkja innanfor rammene i biskopen sitt tilsyn.



DEN NORSKE KYRKJA

Valdres prosti



STØRST AV ALT



## 5. Styringsgruppe og arbeidsutval

Valdres Prosti har ei styringsgruppe som har dette mandatet:

- ✓ Gje innspel til utvikling av trusopplæringa i Valdres. Vedta visjon og langsiktige mål.
- ✓ Ta avgjerd om vidare overordna satsingar/ arbeidsfelt.
- ✓ Utforme trusopplæringsstillingar
- ✓ Fordele trusopplæringsmidlane i Valdres prosti
- ✓ Styre arbeidsoppgåvene for administrator

Mandatet er vedteke av alle fellesråda i Valdres prosti ved vedtak om samarbeidsavtale i 2013.

## 6. Endringar i samarbeidsavtalen

Endringar i denne avtalen skjer ved at alle fellesråd gjer like vedtak. Avtalen skal evaluerast hausten 2020.


## 7. Iverksetting

Denne samarbeidsavtalen gjeld etter like vedtak i alle fellesråd i Valdres prosti, og erstattar avtale vedteke i 2013.

Etnedal 9.12.2016



DEN NORSKE KYRKJA  
Valdres prosti



STØRST AV ALT